



Myking Indremisjon
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6798 - 20/13859

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
12.03.2020

Registrert feil og manglar i septiktank - gbnr 11/11

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 11/11
Tiltakshavar: Myking Indremisjon

Alver kommune har den 26.02.2020 ved kontakt med NORVA24 AS fått melding om at det ved dei to siste tømningane den 12.11.2014 og 01.11.2018 vart registrert feil og manglar i septiktanken på eigedommen dykkar, med gnr.11 og bnr.11, på Myking. Det vart rapportert om lågt nivå i tanken og mogleg lekkasje frå septiktanken. Tilstanden er uendra. Eigedommen er knytta til kommunalt anlegg, men har eigen slamavskiljar. Det er grunneigar som til ei kvar tid er ansvarleg for at den er i forsvarleg stand.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensingslova § 7. Lågt nivå i tanken tyder på at det er lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avsløpsvatn ut i grunnen med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 05.06.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finst andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetrw tilstanden, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetre ein avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølv utføra arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om opprydding og fastsetje tvangsmulkt med heimel forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post:

Med helsing

Astrid Riise
rådgjevar
Miljø og tilsyn

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Myking Indremisjon

5957

MYKING